



STORTINGET

Innst. 89 S

(2019–2020)

Innstilling til Stortinget
fra utenriks- og forsvarskomiteen

Dokument 8:140 S (2018–2019)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Liv Signe Navarsete, Bengt Fasteraune og Willfred Nordlund om ei offentlig evaluering av integrert strategisk leing innan forsvarssektoren

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa setje i gang arbeidet med ei offentlig evaluering av integrert strategisk leing innan forsvarssektoren.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslaget.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jette F. Christensen, lederen Anniken Huitfeldt, Martin Kolberg, Marianne Marthinsen og Jonas Gahr Støre, fra Høyre, Hårek Elvenes, Trond Helleland, Ingjerd Schou og Michael Tetzschner, fra Fremskrittspartiet, Per-Willy Amundsen, Hans Andreas Limi og Christian Tybring-Gjedde, fra Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, fra Sosialistisk Venstreparti, Audun Lysbakken, fra Venstre, Abid Q. Raja, og fra Kristelig Folkeparti, Knut Arild Hareide, viser til Dokument 8:140 S (2018–2019) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Liv

Signe Navarsete, Bengt Fasteraune og Willfred Nordlund om ei offentlig evaluering av integrert strategisk leing innan forsvarssektoren.

Komiteen viser til at Stortinget ved behandling av St.prp. nr. 45 (2000–2001) i juni 2001, jf. Innst. 342 S (2000–2001), vedtok å legge ned Forsvarets overkommando (FO) og fysisk samle Forsvarsstaben (FST) og Forsvarsdepartementet (FD).

Komiteen viser til at Stortinget i juli 2002, ved behandling av Innst. S. nr. 232 (2001–2002), jf. St.prp. nr. 55 (2001–2002), vedtok at forsvarssjefen og de strategiske funksjonene i FO, med etableringen av Integrert strategisk ledelse (ISL), også skulle integreres organisatorisk med FD. Komiteen bemerker at hovedmålet med etableringen av ISL var å styrke FDs evne til strategisk og overordnet planlegging, ledelse og kontroll av Forsvaret, samt evnen til krisehåndtering og internasjonalt samarbeid innen sikkerhets- og forsvarspolitikken.

Komiteen bemerker at det siden etableringen av ISL har blitt gjennomført fortløpende justeringer og tilpasninger av den integrerte ledelsesmodellen, senest i forbindelse med utviklingsprosesser i FD og i forsvarssektoren fra 2015–2016 og 2018–2019. Komiteen viser til at slike justeringer og tilpasninger er gjennomført for å sikre at ISL til enhver tid fungerer best mulig, samt tilpasses den sikkerhets- og forsvarspolitiske situasjonen.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, viser til at bakgrunnen for å innføre den integrerte ledelsesmodellen i forsvarssektoren blant annet besto i kostnadsbesparelser ved reduksjon av staber og dublerende kompetansemiljøer, slik at mer ressurser kunne overføres til operativ virksomhet. Flertallet viser til at dette argumentet fortsatt er gyldig.

Flertallet understreker at erfaringene med ISL er gode, og at man per nå ikke ser behovet for en evaluering. Flertallet viser til at dette er nærmere redegjort for i Prop. 151 S (2015–2016) «Kampkraft og bærekraft», Langtidsplan for forsvarssektoren. Flertallet viser til at forsvarssektoren, med fysisk samling og påfølgende integrering av ledelsen og det strategiske planarbeidet i 2003, fikk en struktur for den øverste forsvarsledelsen som i større grad enn før samsvarte med flertallet av de daværende NATO-landene. Flertallet understreker at det i dag kun er to NATO-land som ikke har en form for integrert ledelsesmodell i forsvarssektoren. Flertallet bemerker at dagens sikkerhetspolitiske situasjon preges av et uoversiktlig trusselbilde som kan utvikle seg svært raskt. Dette forsterker behovet for å kunne respondere hurtig og nødvendigvis tett samarbeid mellom politisk og militær ledelse. På bakgrunn av dette er det flertallets oppfatning at det per nå ikke foreligger grunnlag for å evaluere dagens ledelsesmodell, uten at flertallet utelukker eventuelle fremtidige evalueringer.

Medlemene i komiteen frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti ønsker ei offentlig evaluering av integrert strategisk leiing (ISL) innan forsvarssektoren. Desse medlemene viser til at ei slik evaluering mellom anna bør omfatte kva effekt flytting av driftseiningsleiarane i Forsvaret har hatt, kva påverknad det har hatt på frigjorde midlar til reell kampkraft, og om det kan gjerast grep for ytterlegare å frigjere midlar. Vidare bør evalueringa sjå på forsvarssjefen si handlekraft, korleis samlokalisering av forsvarssjefen med departementet har ført til effektivisering, og korleis dette har påverka forsvarssjefen si rolle som uavhengig fagmilitær rådgjevar og etatssjef.

Desse medlemene viser til at det no har gått nesten 20 år sidan integrert strategisk leiing (ISL) vart vedteke innført gjennom Stortingets handsaming av St.prp. nr. 45 (2000–2001), jf. Innst. S. nr. 342 (2000–2001). Sidan den gong har det sikkerheitspolitiske biletet endra seg vesentleg. Også mykje av strukturen i Forsvaret har endra seg.

Desse medlemene viser til at Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti i Innst. 388 S (2011–2012), jf. Prop. 73 S (2011–2012), slo fast at partia «anser at modellen i dag ikke fungerer på en tilstrekkelig god måte». Vidare skreiv Høgre og Framstegspartiet i Sundvollen-plattformen at regjeringa ville «evaluere dagens ordning med integrert strategisk ledelse i sektoren med tanke på reform og forbedring». Vidare ville regjeringa sikre at «Forsvarssjefens rolle som etatssjef styrkes».

Desse medlemene viser til at forsvarsmi- nisteren i brev til Stortinget 25. mai 2019 skreiv at han ikkje ser «behov for å gjennomføre ei offentlig evaluering av ISL». Statsråden grunnjev dette med at «Regjeringa sine erfaringar med modellen har ført til at ein likevel ikkje så behovet for ei evaluering». Desse medlemene merkar seg at regjeringa ikkje kjem med nye avgjerande argument mot ei offentlig evaluering av integrert strategisk leiing innan forsvarssektoren etter at regjeringa sjølv erklærte at ein nettopp ville setje i verk ei slik evaluering.

Desse medlemene stiller seg undrande til regjeringa sin snuoperasjon i denne saka. Etter nesten 20 år er det på høg tid at ordninga vert evaluert, og til liks med andre delar av Forsvaret må også strukturen for leiinga evaluerast for å sikre at ein til ei kvar tid har den beste og mest hensiktsmessige organiseringa.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti fremmar følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa setje i gang arbeidet med ei offentlig evaluering av integrert strategisk leiing innan forsvarssektoren.»

Forslag fra mindretall

Forslag fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa setje i gang arbeidet med ei offentlig evaluering av integrert strategisk leiing innan forsvarssektoren.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Dokument 8:140 S (2018–2019) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Liv Signe Navarsete, Bengt Fasteraune og Willfred Nordlund om ei offentlig evaluering av integrert strategisk leiing innan forsvarssektoren – vedtas ikke.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 4. desember 2019

Anniken Huitfeldt

leder

Hårek Elvenes

ordfører



Stortinget Utanriks- og forsvarskomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

2019/893-4/FD I 1/JAD

28.05.2019

Uttale til representantforslag Dokument 8:140 S (2018-2019) om ei offentlig evaluering av integrert strategisk leiing innan forsvarssektoren

Eg viser til brev frå Utanriks- og forsvarskomiteen av 3. mai 2019 med førespurnad om uttale til Dokument 8:140 S (2018-2019), representantforslag frå stortingsrepresentantane Liv Signe Navarsete, Bengt Fasteraune og Willfred Nordlund om ei offentlig evaluering av integrert strategisk leiing innan forsvarssektoren.

Ved behandling av St. prp. nr. 45 (2000-2001) vedtok Stortinget i juni 2001 å leggje ned Forsvarets Overkommando (FO), og styrke Forsvarets evne til strategisk verksemd gjennom å fysisk samle den nye forsvarsstaben (FST) med Forsvarsdepartementet (FD).

I juni 2002, ved behandlinga av Innst. S. nr. 232 (2001-2002) jf. St. prp. 55 (2001-2002) vedtok Stortinget at forsvarssjefen og dei strategiske funksjonane i FO ikkje berre skulle samlast fysisk, men også integrerast organisatorisk, med FD. Integrert strategisk leiing (ISL) blei etablert 1. august 2003. Hovudmålsetjinga med ISL var å styrkje FDs evne til strategisk og overordna planlegging, leiing og kontroll av Forsvaret, og evna til krisehandtering og internasjonalt samarbeid om sikkerheits- og forsvarspolitikk.

Det har sidan etableringa av ISL blitt gjennomført fortløpande justeringar og tilpassingar av modellen, seinast i samanheng med utviklingsprosessar i FD og i sektoren i 2015-2016 og 2018-2019. Dette for å sikre at modellen til ein kvar tid fungerer best mogleg, blant anna tilpassa den sikkerheits- og forsvarspolitiske situasjon.

I Sundvollen-plattformen for regjeringa av Høyre og Fremskrittspartiet, 7. oktober 2013, står det følgjande:

«Evaluere dagens ordning med integrert strategisk ledelse i sektoren med tanke på reform og forbedring. Forsvarssjefens rolle som etatssjef styrkes.»

Regjeringa sine erfaringar med modellen har ført til at ein likevel ikkje så behovet for ei evaluering. Dette blei meldt Stortinget i proposisjonen for ny langtidsplan for forsvarssektoren, Prop. 151 S (2015-2016) «Kampkraft og bærekraft»:

«Integrert strategisk ledelse har lagt et grunnlag for felles situasjonsforståelse i den øverste ledelsen samt god strategisk styring og kontroll i sektoren. Ordningen har i all hovedsak vært viktig for omstillingen av forsvarssektoren så langt, og vil legge et godt grunnlag også for omstillingen i perioden 2017-2020. Regjeringen anser at nåværende modell for strategisk ledelse er hensiktsmessig og skal videreføres med en tydelig vektlegging av ansvar, roller og myndighet.»

Erfaringane syner at den integrerte modellen inneber tettare dialog og betra evne til strategisk planlegging og leiing. Den førar også til felles situasjonsforståing og meir effektive politiske avgjerder og iverksetting av desse. Forsvarssjefen følgjer prosessane heilt fram til avgjerd, fyrst i eigne fagmilitære råd og dernest som del av departementets leiargruppe. Forsvarssjefen si sjølvstendige rolle er godt handtert, og eg opplever at prosessen knytt til forsvarssjefen sitt fagmilitære råd fungerer bra.

Ved å gjennomføre både ei fysisk samling og ei integrering av leiing og strategisk planarbeid i 2003, fekk Noreg ein struktur for den øvste leiing av Forsvaret som var meir på linje med fleirtalet av daverande NATO-land. Det er i dag berre to NATO-land som ikkje har ei form for integrert leiingsmodell. Dagens sikkerheitspolitiske situasjon, med store og raske endringar, forsterkar behovet for tett samarbeid og raske prosessar, frå fagmilitære vurderingar til politisk avgjerd og iverksetjing.

Bakgrunnen for å innføre den integrerte modellen, var blant anna å spare kostnader ved å redusere stabar, dublerande kompetansemiljø og dublerande prosessar for å kunne overføre meir ressursar til operativ verksemd. Dette er argument som framleis gjeld. For å lukkast med den pågåande vidareutviklinga og styrkinga av det norske forsvaret, er vi avhengige av å prioritere ressursar. Vi må organisere strategisk leiing og stabar mest mogleg kostnadseffektivt, og med ein storleik som står i forhold til dei operative styrkane dei skal leie og støtte. Dette er forhold som har blitt lagt vekt på i alle justeringar og tilpassingar av modellen.

Den integrerte strategiske leiinga av Forsvaret har vore viktig for ei effektiv gjennomføring av dei mange reformene i sektoren, og for ei forsvarlig utvikling og forvaltning av langtidsplanane og investeringane innan forsvarsområdet. Som for ein kvar annan organisasjonsmodell, er det samtidig viktig å kontinuerlig justere og forbetre, slik at modellen er best mogleg tilpassa situasjon og behov. Det har også vore gjort med ISL-modellen, seinast i 2018-2019, kor forsvarssjefen si rolle og ansvar er gjennomgått, både når det gjeld strategisk IKT og investeringsprosessen i sektoren. Det er ansvaret mitt som forsvarsminister å sørge for ei formålstenleg intern organisering, med tydeleg klargjering av rollar, ansvar og fullmakt innan vedtekne rammer.

Eg ser på dette grunnlaget ikkje behov for å gjennomføre ei offentleg evaluering av ISL. Dette er også i tråd med den konklusjonen vi trakk i inneverande langtidsplan. Eg har lagt avgjerande vekt på at ordninga blir justert og tilpassa fortløpande, og at erfaringa viser at den dannar grunnlaget for ei svært effektiv samhandling i den strategiske leiinga av Forsvaret.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink that reads "Frank Bakke-Jensen". The signature is written in a cursive style with a long, sweeping tail on the last letter of the last name.

Frank Bakke-Jensen

